

# Prosjektplan for nettbasert Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest

---

## «TPS i Vest»

### Utarbeidd av TPS-arbeidsgrupper:

Gerd Bjørke,	HSH, prosjektleiar
Sissel Johansson Brenna,	HiB
Irene Aasen Andersen,	HiSF, helsefag
Marita Skjelvan,	HiSF, sosialfag
Bente Hasle,	HVO
Anders Bærheim,	UiB
Ingunn Aase,	UiS, helsefag
Rutt Bengtsson,	UiS, sosialfag
Camilla Wara Viken,	student, HVO
Hilde Le,	student, UiB

12. januar 2016

# Innholdsoversikt

---

Innleiing	side	3
Mandatet		3
TPS-arbeidsgruppa		3
Arbeidet i TPS-arbeidsgruppa		4
«Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren» - eit fellesopplegg for samarbeidslæring		5
Tverrprofesjonell samarbeidslæring		7
Plan for temaet «Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren»		7
Del 1 – Kva er tverrprofesjonell samhandling?		8
Del 2 – Ethiske utfordringar ved tverrprofesjonell samhandling		9
Del 3 – Analyse av tverrprofesjonell samhandling i ein konkret arbeidssituasjon		11
Forslag til oppfølging		12
Fellesopplegg – felles løft		13
Institusjonssamarbeid		13
Involverte medarbeidarar		14
Forslag til oppfølging		15
Utvikling av felles nettstad og nettbaserte læringsressursar		16
Forslag til oppfølging		17
Organisering av nettgrupper		18
Forslag til oppfølging		20
Fasilitator-kvalifisering		21
Forslag til oppfølging		22
Følgje-evaluering - følgjeforskning		23
Pilot for «TPS i Vest»		24
Fasilitator-førebuing		25
Forslag til oppfølging		26
Framdriftsplan		27
Budsjettoverslag for «TPS i Vest»		28
Forslag til oppfølging		29
Oppsummert - forslag til vedtak		30
Referanseliste		31
Vedlegg:		
- Forslag til institusjonsavtalar		32
- Oversikt over ansvarspersonar og involverte i «TPS i Vest»		33

# Innleiing

---

## Mandatet

Arbeidsgruppa for Tverrprofesjonell samarbeidslæring (heretter TPS-arbeidsgruppa) vart oppnemnd av Arbeidsgruppe for helse- og sosialfagutdanningane i UH-nett Vest i februar 2014. TPS-arbeidsgruppa la fram sitt forslag til «TPS i Vest» ved eit arbeidsseminar i april 2015, som eit førebels svar på oppdraget, med rapporten «Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest», av 20. mars 2015.

Arbeidsgruppa for helse- og sosialfag gav tilslutnad til forslaget og sende rapporten over til styret i UH-nett Vest, som i møte 16. juni 2015 tilrådde at saka vart følgd opp slik:

***Gruppen som utarbeidet rapporten bes om å fortsette som prosjektgruppe frem til endelig prosjektplan med budsjett og forslag til pilot for nettbasert undervisning kan legges frem innen utgangen av 2015. Gerd Bjørke bes om å være prosjektleder i denne perioden.***

***Prosjektgruppen knytter til seg ressurspersoner innen IKT eller medier fra hver institusjon. Arbeidsgruppen for helse- og sosialfag vil fungere som styringsgruppe i samme periode.***

***HSH sier seg villig til å være ansvarlig for utviklingen av nettstudiet og HVO vil svært gjerne være behjelpelig med dette.***

***Gjenværende SAK-midler som er avsatt til helse- og sosialfag stilles til rådighet for prosjektet.***

## TPS-arbeidsgruppa

TPS-arbeidsgruppa hadde først seks gruppedeltakarar, ein representant frå kvar av dei seks institusjonane i UH-nett Vest:

- |                           |            |
|---------------------------|------------|
| - Gerd Bjørke             | HSH, leiar |
| - Sissel Johansson Brenna | HiB        |
| - Irene Aasen Andersen    | HiSF       |
| - Bente Hasle             | HVO        |
| - Anders Bærheim          | UiB        |
| - Rutt Bengtsson          | UiS        |

Hausten 2015 vart gruppa utvida med to studentrepresentantar, ein frå helsefag og ein frå sosialfag:

- Camilla Wara Viken HVO, sosialfag
- Hilde Le UiB, helsefag/farmasi

Arbeidsgruppa fekk også no med to fleire institusjonsrepresentantar: Høgskolen i Sogn og Fjordane med ein representant frå kvar av campusane, Førde og Sogndal, og Universitetet i Stavanger med ein representant frå kvar av avdelingane for helsefag og sosialfag:

- Marita Skjelvan HiSF, sosialfag
- Ingunn Aase UiS, helsefag

Bakgrunn for denne utvidinga var å få inn studentstemma i arbeidet og å gi god lokal forankring av prosjektet.

## Arbeidet i TPS-arbeidsgruppa

TPS-arbeidsgruppa har hausten 2015 hatt to arbeidsmøter, 28. september (på Flesland) og 29. oktober (på Stord). I tilknytning til det siste møtet (30. oktober) inviterte gruppa inn IKT-ressurspersonar frå kvar av institusjonane til eit fellesmøte, for å få innspel til IKT-løysingar for opplegget. Her deltok<sup>1</sup>

- Aslaug Grov Almås HSH
- Ragnhild Steinsland HSH
- Johan Bruland HiB
- Helene Gram UiS

Ved dette møtet deltok også studieleiar Leif-Steinar Alfsvåg, HSH-Stord.

I styremøte for UH-nett Vest 10. november 2015 orienterte prosjektleiar, Gerd Bjørke, styret om framdrifta i prosjektet.

Arbeidsgrupperepresentantane frå kvar av institusjonane har hausten 2015 hatt møter med personalgrupper og leiarar for dei involverte utdanningane/avdelingane/institutta ved kvar av institusjonane for å orientere om prosjektet, og såleis førebu institusjonen sitt engasjement og involvering i prosjektet:

- HSH - 2 november og 7 desember 2015
- HiB - 17 desember 2015 + fortløpande orientering
- HiSF - 30 september 2015 (Førde) og 2 desember 2015 (Sogndal)
- HVO - fortløpande orientering
- UiB - januar 2016
- UiS - desember 2015

Arbeidsgruppa fekk utvida tid til ferdigstilling av planforslaget og hadde sine siste møter 5. og 12. januar 2016, via Skype. Arbeidet i TPS-arbeidsgruppa har elles føregått gjennom utveksling av e-post.

Planforslaget vart sendt over til UH-nett Vest 13. januar 2016.

---

<sup>1</sup> Det var invitert IKT-personell frå alle institusjonane, men fleire melde forfall (Karianne Omdahl, UiB, Hilde Gry Leer-Salvesen, HVO og David Parmentier, HiSF)

# «Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren»

## - eit fellesopplegg for samarbeidslæring

---

Idealet for tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS) er at studentar frå samarbeidande yrkesgrupper kan møtast i studietida og aller helst lære å samhandle med andre yrkesgrupper i sine praksisstudiar. Å få til slike møtepunkt eller læresituasjonar for alle studentar er logistisk utfordrande. Studentane har praksisperiodar til ulike tider og på ulike stader.

For å kunne leggje eit grunnlag for denne type samarbeidslæring blir det foreslått å setje tverrprofesjonell samhandling på dagsorden gjennom eit nettbasert opplegg. Her kan studentane, gjennom interaktive læreprosessar få innsikt i prinsippa for god samhandling og dei kan lære om ulike yrkesgrupper sine kompetanseområder gjennom møter med studentar frå samarbeidande profesjonsgrupper/-utdanningar. Med ei slik felles plattform kan så utdanningane og praksisfeltet i fellesskap leggje til rette praktiske samarbeidsoppgåver når slike møtepunkt mellom ulike studentgrupper ligg til rette.

Det blir her skissert eit nettbasert opplegg, felles for alle helse- og velferdsutdanningane i UH-nett Vest.

Tverrprofesjonell samarbeidslæring må innpassast i dei studieforløpa som finst pr. i dag. For rammeplanstyrte høgskoleutdanningar vil opplegget kunne gå inn som del av den undervisninga som elles er lagt opp for å dekke «Generell del/felles innhold» i dagens rammeplanar.<sup>2</sup> Samtidig har det no kome fram forslag til felles innhald for både høgskole- og universitetsutdanningar innan helse- og sosialfag, både tre-årige og fem-årige profesjonsutdanningar. Dette felles innhaldet blir truleg påbode i forskriftsform, og vil gjelde alle, også dei lengre universitetsutdanningane<sup>3</sup>, jf. UHR-utgreiinga «Felles innhald i de helse- og sosialfaglige profesjonsutdanningene».<sup>4</sup> UHR-utgreiinga foreslår ni kompetanseområder som skal inngå i ei felles kompetanseplattform:

1. Etisk og verdiforankret praksis
2. Relasjons-, kommunikasjons- og veiledningskompetanse
3. Kulturkompetanse
4. Helse- og sosialpolitisk innsikt og systemforståelse
5. Folkehelsearbeid og arbeidsinkludering
- 6. Tverrprofesjonell samhandlingskompetanse**
7. Kompetanse om sosiale og atferdsmessige risikofaktorer
8. Profesjonell handlingskompetanse og kunnskapsbasert praksis
9. Innovasjons- og endringskompetanse

---

<sup>2</sup> Dette gjeld i dag barnevernspedagog-, bioingeniør-, ergoterapeut-, fysioterapeut-, radiograf-, sykepleier-, sosionom- og vernepleierutdanning

<sup>3</sup> Medisin, odontologi, farmasi, psykologi, ernæring

<sup>4</sup> Prosjektrapport levert Kunnskapsdepartementet 1. juni 2015.

For kvart av desse kompetanseområda er det foreslått forventa felles kompetanse og læringsutbyttebeskrivelser (LUB).

Det er forslag til konkretisering av opplegg for punkt 6 – Tverrprofesjonell samhandlingskompetanse - TPS-prosjektet innan UH-nett Vest handlar om. I UHR-utgreiinga er kompetanseområdet, dvs. forventa felles kompetanse og læringsutbyttebeskrivelse formulert slik:

#### **K 6 - Tverrprofesjonell samhandlingskompetanse**

*Kompleksiteten og bredden i oppgavene som skal løses i helse- og velferdstjenesten øker; det er stadig flere som har behov for hjelp fra mer enn en profesjon. Utviklingen stiller krav til økt samhandling innad og mellom nivåene i tjenestene. Og tverrprofesjonell samhandling er en grunnleggende forutsetning for å få til helhetlige og koordinerte tiltaksforløp. Akuttsituasjoner krever effektivt samarbeid der alle kjenner hverandres ansvar og kompetanseområder. Den typen effektivt samarbeid ved akutte hendelser kommer ikke av seg selv; det må trenes og øves i studiesituasjonen.*

*Samhandling forutsetter fellesansvar for utvikling av mål, framdriftsplan og oppgavefordeling og samspill mellom involverte parter i konkrete situasjoner. Samhandlingskompetanse dreier seg ikke kun om evne og vilje til samhandling mellom tjenesteytere, men vel så mye om å kunne samarbeide med de menneskene det gjelder med utgangspunkt i deres egne ønsker, mål og behov. Medbestemmelse er et sentralt begrep. Vi stiller ikke lenger spørsmålet «Hva er i veien med deg?», men «Hva er viktig for deg?»*

*Teamarbeid, der man jobber sammen i felles prosess mot felles mål, er en arbeidsform som vil få økt fokus. I det tverrprofesjonelle teamet integreres personens egen innsikt, forståelse og preferanser med kunnskap fra de ulike profesjonenes kompetanse- og ansvarsområder. Effektivt tverrprofesjonelt samarbeid krever både relasjonell kompetanse, kjennskap til ulike yrkesgruppers kompetanseområder og kunnskap om helse- og velferdssystemet.*

*Samarbeid i helse- og velferdstjenestene er blant annet formalisert gjennom den enkeltes rett til individuell plan ved behov for langvarige og koordinerte tjenester. Ikke minst er dette viktig når det er nødvendig med samspill mellom helse- og omsorgstjenestene, arbeids- og velferdstjenestene og oppvekst- og utdanningssektoren.*

*Utsatte barn og unge har behov for tjenester fra flere instanser, noe som også stiller krav til samordning av tjenestetilbudet. Robust samhandlingskultur og kompetanseheving blant både ledere og ansatte i de kommunale tjenestene ser ut til å være et suksesskriterium for god samhandling i tilbudet til utsatte barn (20).*

#### **Forventet felleskompetanse**

*Kandidatene forventes å ha kunnskap om hverandres kompetanse- og ansvarsområder. De må kunne vise samhandlingsvilje og - evne i tverrprofesjonelle team for å skape merverdi for mennesket det gjelder i form av helhetlige og koordinerte tiltaksforløp. Samtykkebasert individuell plan er et koordineringsverktøy for tverrprofesjonell samhandling som kandidatene skal kunne påta seg ansvaret for å kunne lede og koordinere.*

#### **LUB<sup>5</sup> - Generell kompetanse**

*Kandidaten kan*

- samhandle tverrprofesjonelt, tverretatlig og tverrsektorielt, og med menneskene det gjelder, mot felles mål
- koordinere tverrprofesjonelle team

Det er i lys av desse føringane det opplegget som blir skissert her må forståast.

I dette kapitlet blir det vidare presisert kva ein forstår med «tverrprofesjonell samarbeidslæring». Deretter følgjer forslag til plan for eit opplegg organisert i tre delar, ein del pr. studieår, forslag til organisering av nettgrupper, forslag til institusjonssamarbeid og til prosjektleiing. Forslag til fasilitatorførebuing er tatt opp i eige kapittel, likeins følgje-evaluering og forslag til ein pilot H- 2016, framdriftsplan og budsjettoverslag.

---

<sup>5</sup> LUB er forkorting for 'læringsutbyttebeskrivelse'. Denne nemninga er brukt i UHR-utgreiinga.

## Tverrprofesjonell samarbeidslæring

Det er tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren dette studietemaet rettar seg inn mot. Tverrprofesjonell samhandling – integrert samarbeid mellom ulike yrkesgrupper – er sentralt i alt velferdsarbeid. Dette samhandlingsfokuset blir i dag understreka både i offentlege utgreiingar, i styringsdokument og i forskingslitteratur.<sup>6</sup>

Samhandling på personnivå handlar om kommunikasjon og relasjon, om respekt og gjensidig tillit, om felles mål og fellesansvar i oppgåvedefinering og –løysing. Samarbeid på organisasjonsnivå handlar om koordinering mellom tenester, etatar og institusjonar.

Samhandling mellom ulike yrkesgrupper handlar om at ekspertar utfyller kvarandre i arbeidet med oppgåver som nettopp krev ulike kompetansar. Slik samhandling kan føregå mellom to eller fleire yrkespersonar, og det kan vere strukturert som teamarbeid. I samhandling og teamarbeid blir det vesentleg ikkje berre å få arbeidet gjort, men å vere merksam på korleis ein gjer det, å ha eit metaperspektiv på prosessane. I samhandling vil også den eller dei samhandlinga gjeld, ha ein sentral plass, og den eller dei kan faktisk også vere del av teamet. Då er det problemet, situasjonen eller utfordringa yrkespersonane, saman med dei det gjeld, skal bidra til å løyse eller endre, som er i fokus. Arbeidet er karakterisert av respekt, tillit, likeverd og audmjuke (ydmykhet) overfor kvarandre og fellesskapet.

Tverrprofesjonell samarbeidslæring blir definert slik:

*når studentar frå minst to ulike yrkesgrupper lærer av kvarandre, om kvarandre og med kvarandre med siktemål å betre kvalitet i velferdstenestene.<sup>7</sup>*

TPS føreset såleis at studentar frå ulike yrkesretningar kan møtast i studietida, lære kvarandre sine yrkesområder å kjenne og lære om og erfare tverrprofesjonelt samarbeid. Dette krev organisering av møteplassar og det føreset interaktive læringsformer. Studentar må oppdage og erfare korleis dei skal inngå i eit fellesskap for å kunne tilby heilskaplege tenester. Dei må sjå utover seg sjølve og sin eigen profesjonsidentitet, og sjå sitt bidrag som del av eit samla velferdstenestetilbod.

## Plan for delemnet «Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren»

TPS-arbeidsgruppa sitt forslag til delemnet<sup>8</sup> «Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren» er delt inn i tre delar og fordeler seg over tre studieår. For tre-årige studier er det ein del pr. studieår, for lengre studiar ein del pr. år i tre år, og som passar inn i studieforløpet.

**Del 1: Kva er tverrprofesjonell samhandling?**

**Del 2: Ethiske utfordringar i tverrprofesjonell samhandling**

**Del 3: Analyse av tverrprofesjonell samhandling i konkrete arbeidssituasjonar**

<sup>6</sup> Eks.: St. meld. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen, Meld. St. 13 (2011-2012) Utdanning til velferd; Samspill i praksis. Oslo: Kunnskapsdepartementet, UHR: «Felles innhold i de helse- og sosialfaglige profesjonsutdanningene», rapport fra prosjektgruppe, levert KD 1. juni 2015.

<sup>7</sup> Dette er ein internasjonal velkjend definisjon, først formulert av CAIPE – engelsk organisasjonssenter - for Interprofessional education på 1980-talet.

<sup>8</sup> Dagens utdanningar er delte inn i emne og med emneplanar. Dette temaet vil vere eit delemne som inngår som eit arbeidskrav i eit emne.

Kvar del består av to nettmøter med tilhøyrande føre- og etterarbeid. Nettmøta og arbeidet omkring desse føregår innafør ein fire vekers periode i kvart studieår. Delemnet blir lagt opp som arbeids- eller studiekrav og er såleis obligatorisk. Godkjent gjennomført delemne er ein føresetnad for eksamen i det emnet det tilhøyrer i den enkelte utdanning. Føresetnad for godkjenning er deltaking i minst to nettmøter pr. del ( i alt seks nettmøter) og innleverte og godkjende notat frå kvar av delane.

For studentar som får arbeidet vurdert til ikkje godkjent, eller som har gyldig fråvær frå delemnet, blir det lagt til rette for å gjennomføre arbeidskravet på nytt i «oppsamlingsgrupper» seinare i semesteret.

Studiepoeng for delemnet inngår såleis i studiepoenga for emnet. For dei rammeplanstyrde utdanningane blir dette emne som i dag høyrer til «Generell del». Utdanningar utan rammeplan har tilsvarande innhald i sine studieplaner. Dette temaet er såleis ikkje nytt innhald som skal inn i utdanningane, men ei felles organisering av innhald som alt ligg i rammeplanar/studieplanar og som no skal ha fokus på reell tverrprofesjonell samarbeidslæring.

Her følgjer plan for kvar av delane.

## Del I: Kva er tverrprofesjonell samhandling?

**Oppstart:** 1. studieår (for tre-årige utdanningar), 2. semester<sup>9</sup>  
**Varighet/omfang:** To nettmøter med tilhøyrande føre- og etterarbeid, fordelt over fire veker

**Læringsutbytte:**  
Etter arbeid med denne delen skal studenten kunne:

<b>Kunnskap:</b>	- <i>forklare prinsipp for god samhandling i tverrprofesjonelle grupper</i> - <i>kjenne til likskap og spesielle særtrekk ved ulike yrkesgruppers arbeidsområder</i>
<b>Ferdighet:</b>	- <i>reflektere over eiga rolle i gruppa og korleis gruppa fungerte</i>
<b>Generell kompetanse:</b>	- <i>delta i tverrprofesjonelle grupper, bidra til å definere felles mål og bidra til å oppfylle desse måla</i>

**Innhald:**

- Kommunikasjon og relasjon i tverrprofesjonell samhandling
- Samhandlingsstrukturar
- Yrkeskompetanse og profesjonsgrenser
- Stereotypiar og fordommar som hinder for samhandling

**Oppgåve:** Videosnutt frå ein samhandlingssituasjon. Eksempel:

### **Utskrivingsmøte på sjukehus**

(til stades: lege, sjukepleier, ergoterapeut, fysioterapeut, sosionom, bioingeniør, radiograf + Anne, hovudpersonen her)

**Anne, 24 år, er åleinemor med to små barn. Ho har vore på sjukehus med brotskadar oppstått etter valdsepisode i rusmiljø. Ho er no ferdig diagnostisert og behandla ved sjukehuset og skal overførast til kommunen. Korleis er status? Korleis kan pasienten/klienten følgjast opp lokalt?  
Kva kan ulike yrkesgrupper bidra med her – og korleis kan dei samhandle integrert?**

<sup>9</sup> For sjukepleierutdanning, HiSF, vil semestra bli litt annleis, ettersom det her er opptak to gonger i året. Dvs. for haustopptaket vil del I bli i 3. semester, del 2 i 4. og del 3 i 6. semester, for dei kulla som har studiestart i januar



### **Oppgåveinstruksjon:**

**Første nettmøte:** Gruppeetablering, bli kjend og avtale spelereglar i gruppa, inngå gruppekontrakt. Gruppedeltakarane utvekslar sine tankar om samhandlings i dette caset, og kva dei veit om kva kvar av yrkesgruppene kan bidra med i ein slik situasjon. Gruppa utkrystalliserer spørsmål/problemstillingar som dei treng å finne ut meir om, og legg plan for korleis kvar og ein vil gjere dette.

**Mellomperiode:** Kvar og ein arbeider med litteratur og andre kjelder for å finne svar på dei utvalde problemstillingane.

**Andre nettmøte:** Kvar og ein deler dei funna dei har gjort og gruppa trekkjer dette saman – oppsummerer kva gruppa no, samla sett veit om fenomenet tverrprofesjonell samhandling og kva dei ulike yrkesgruppene bidrar, t.d. i høve til denne konkrete problematikken.

**Etter nettmøtet:** Skrive gruppenotat og levere inn innan gitt frist. Godkjenning og tilbakemelding frå fasilitator.

**Arbeidsform:** To nettmøter i grupper á átte deltakarar og ein fasilitator. Ytterlegare nettmøter etter behov og ønskje, utan fasilitator, samskriving på gruppenotat, sjølvstudiar.

**Organisering:** Nettgrupper sett saman på tvers av institusjonar og utdanningsretning.

**Basislitteratur:** Eksempel:

Willumsen, E. (2009). *Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap 2,3  
Orvik, A. (2015). *Organisatorisk kompetanse. Innføring i profesjonskunnskap og klinisk leiing*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Kap. 8,9

**Læringsressursar:** Lenker til aktuelle artiklar, nettstader og tidsskrift, videoførelingar og videoopptak med ressurspersonar som ligg på nettstaden.

**Vurdering:** Godkjenning og tilbakemelding frå fasilitator.

**Arbeidskrav:**

- Deltaking i to nettmøter
- Gruppenotat, som inneheld refleksjon over samarbeidet i gruppa.

## **Del 2: Ethiske utfordringar ved tverrprofesjonell samhandling**

**Oppstart:** 2. studieår (for tre-årige utdanningar), 3. semester<sup>10</sup>

**Varighet/omfang:** To nettmøter med tilhøyrande føre- og etterarbeid, fordelt over fire veker

**Læringsutbytte:**

Etter arbeid med denne delen skal studenten kunne

<p><b>Kunnskap:</b> - prinsippa for teieplikt (taushetsplikt) og vite korleis tverrprofesjonell samhandling kan føregå innafor dette regelverket</p> <p>- beskrive grunnlaget for teamarbeid</p> <p><b>Ferdighet:</b> - delta i tverrprofesjonell samhandling der den eller dei samhandlinga gjeld inngår som partner</p> <p><b>Generell kompetanse:</b></p> <p>- ivareta integriteten for dei det gjeld i tverrprofesjonelle samhandlingssituasjonar</p> <p>- vere merksam på etiske dilemma i teamarbeidssituasjonar og kunne delta ut frå etiske prinsipp</p>
--

<sup>10</sup> For HiSF, sjukepleierutdanning, sjå fotnote 5

**Innhald:**

- Teamarbeid – prinsipp og konkret gjennomføring
- Den det gjeld si rolle og medverknad i samarbeidsrelasjonar
- Teieplikt (taushetsplikt) og opplysningsplikt – i samarbeidsrelasjonar
- Makt - og konflikthåndtering i gruppesituasjonar

**Oppgåve:** Videosnutt frå eit ansvarsgruppemøte, der den det gjeld er med. Eksempel:

**Bufellesskap**

*Per, 26 år, psykisk utviklingshemma rullestolbrukar som kan gå med ekstra hjelp, har nettopp fått seg eiga leilighet i bufellesskapet. Foreldra er urolige for korleis dette skal gå. Han har lett for å falle, og for fire veker sidan braut han eine foten. Kan dei vere trygge på at han skal kunne fungere her? Kva hjelp får han?*

**Oppgåveinstruksjon:**

**Første nettmøte:** Analysere situasjonen, kva kan dei ulike yrkesgruppene bidra med her? Korleis var samspelet med denne familien i dette møtet? Gruppa utkrystalliserer spørsmål/ problemstillingar som dei treng å finne meir ut om, og legg plan for korleis kvar og ein vil gjere dette.

**Mellomperiode:** Kvar og ein arbeider med litteratur og andre kjelder for å finne svar på desse problemstillingane.

**Andre nettmøte:** Kvar og ein deler dei funna dei har gjort og gruppa trekkjer dette saman – oppsummerer kva gruppa no, samla sett, veit om fenomenet 'tverrprofesjonell samhandling', kva dei ulike yrkesgruppene bidrar med og korleis den/dei det gjeld si rolle er i slik samhandling.

**Etter møtet:** Skrive gruppenotat og levere innan gitt frist.

**Arbeidsform:** To nettmøter i grupper á átte deltakarar og ein fasilitator. Ytterlegare nettmøter etter behov og ønskje, utan fasilitator. Samskriving på gruppenotat, sjølvstudier.

**Organisering:** Nettgrupper sett saman på tvers av institusjonar og utdanningsretning.

**Basilitteratur:** Eksempel:

- Willumsen, E. (2009). *Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap 4,9  
Orvik, A. (2015). *Organisatorisk kompetanse. Innføring i profesjonskunnskap og klinisk leiing*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Kap. 2,10  
Sjøvold, E. (2014). *Resultater gjennom team*. Oslo: Universitetsforlaget

**Læringsressursar:** Lenker til aktuelle artiklar, nettstader og tidsskrift, videoførelesingar og videoopptak med ressurspersonar.

**Vurdering:** Godkjenning av og tilbakemelding på gruppenotat frå fasilitator.

**Arbeidskrav:**

- Deltaking i to nettmøter
- Gruppenotat, som inneheld refleksjon over samarbeidet i gruppa.

## Del 3: Analyse av tverrprofesjonell samhandling i ein arbeidssituasjon

**Oppstart:** 3. studieår (i tre-årige utdanningar), 5. semester<sup>11</sup>  
**Varighet/omfang:** To nettmøter med tilhøyrande føre- og etterarbeid, fordelt over fire veker

### Læringsutbytte:

Etter arbeid med denne delen skal studenten kunne

<b>Kunnskap:</b>	- identifisere ansvarslinjer og gode samhandlingsstrukturar - beskrive arbeids- og ansvarsfordeling mellom ulike tenestnivå ut frå juridiske og etiske plikter
<b>Ferdighet:</b>	- analysere samhandlingssituasjonar og bidra til å påverke samhandling i gitte arbeidssituasjonar
<b>Generell kompetanse:</b>	- skilje mellom gode og mindre gode tverrprofesjonelle samhandlingssituasjonar og kunne bidra til å styrke tverrprofesjonell samhandling til beste for dei det gjeld

**Innhald:**

- Strukturforståing: hemmande og fremmande strukturelle og kulturelle faktorar ved tverrprofesjonell samhandling
- Analysereiskapar for tolking av samhandling

**Oppgåve:** Planlegge og gjennomføre ein analyse av tverrprofesjonell samhandling i ein konkret arbeidssituasjon.

### Oppgåveinstruksjon:

**Første nettmøte:** planlegge kartlegging og analyse av tverrprofesjonell samhandling i ein konkret arbeidssituasjon, anten via deltakande observasjon eller intervju med utvalde nøkkelpersonar.

**Mellomperioden:** gjennomføre ei planlagt kartlegging, individuelt eller to og to saman (om ein t.d. er på same praksisstad). Beskrive, analysere, drøfte og foreslå/prøve ut tiltak for å styrke tverrprofesjonell samhandling.

**Andre nettmøtet:** drøfte erfaringar og gi tilbakemelding til kvarandre i gruppa.

**Etter møtet:** Samskrive og levere inn, innan gitt frist, eit felles gruppenotat om erfaringar med samarbeidsutfordringar i praksis, og om ulike moment som kom fram i analysearbeidet. Framlegging i fellesseminar på tvers av utdanningar/institusjonar, der det er mogeleg, eller framlegging innan eigen utdanning/institusjon.

**Arbeidsform:** To nettmøter i grupper á átte deltakarar, utan fasilitator, tilgjengeleg ved behov. Samskriving på gruppenotat, sjølvstudiar. Formidling.

<sup>11</sup> For HiSF, sjukepleierutdanning, sjå fotnote 5

**Organisering:** Nettgrupper sett saman på tvers av institusjonar og utdanningsretning.

**Basilitteratur:** Eksempel:

Sjøvold, E. (2014). *Resultater gjennom team*. Oslo: Universitetsforlaget  
Willumsen, E. & Ødegård, A. (red.). (2014). *Tverrprofesjonelt samarbeid – et samfunnsoppdrag*. Oslo: Universitetsforlaget

**Læringsressursar:** Lenker til aktuelle artiklar, nettstader og tidsskrift, videoførelesingar og videoopptak med ressurspersonar ligg på nettstaden.

**Vurdering:** Godkjenning og tilbakemelding frå fasilitator.

**Arbeidskrav:**

- Deltaking i to nettmøter
- Gjennomført kartlegging og formidla erfaringar frå dette
- Gruppenotat som inneheld refleksjon over samarbeidet i gruppa.

## Forslag til oppfølging

Temaet «Tverrprofesjonell samhandling i helse- og velferdssektoren» blir etablert som eit fellesprosjekt, knytt til UH-nett Vest, med ei prosjektleiing på tre personar, med utøvande ansvar for prosjektet.

Prosjektleiinga konkretiserer opplegget vidare, med omsyn til oppgåveutvikling, læringsmateriell og kjelder/aktuell litteratur.

Forslaget til emneplanar for dei tre delane som temaet utgjer blir sendt til alle aktuelle utdanningar, slik at dette temaet innhaldsmessig kan innpassast i øvrige studieopplegg.

Kvar utdanning peikar ut ein kontaktperson som har kontakt med prosjektleiinga for «TPS i Vest».

# Fellesopplegg - felles løft


Som nemnt, så vil det forslaget som blir presentert her kome i møte kravet til tverrprofesjonell samarbeidslæring som høgre utdanning no står overfor. Ei nettbasert løysing for eit «minste felles multiplum»-opplegg, kan gi ei innføring i og leggje grunnlag for tverrprofesjonell samarbeidslæring i praksis. Oppegget vil involvere ei rekkje personar ved kvar av institusjonane, om det skal la seg realisere. Her vil vi skissere ein modell for organisering og kven det vil involvere.

## Institusjonssamarbeid

For å kunne gjennomføre tverrprofesjonell samarbeidslæring på tvers av alle seks institusjonane i UH-nett Vest,<sup>12</sup> så vil det vere nødvendig med ei solid forankring i leiinga ved institusjonane, innsats frå tilsette både med innpassing av temaet i ordinær undervisning, fasilitering i nettgrupper, støtte frå IKT-personell og studieadministrative ordningar.

Institusjonane har no arbeidd saman i nesten to år med å utforma prosjektplanen, via sine representantar inn i TPS-arbeidsgruppa. Dette samarbeidet bør halde fram og styrkast ved etablering av samarbeid mellom fleire ledd i institusjonane.

Gjennomføring av oppegget vil innebere eit felles løft mellom institusjonane, og vil involvere studieleiarar/instituttleiarar/emneansvarlege, studieadministrasjon, IKT-personell og fasilitatorar/lærarar. Illustrasjon av samarbeidande ledd:



<sup>12</sup> Med dei fusjonsplanane som blir drøfta i dag, vil institusjonsstrukturen kunne endre seg i nær framtid. UH-nett Vest samarbeidet held fram uavhengig av dette.

Illustrasjonen viser ansvarsfordeling, med UH-nett Vest som «eigar» av fellesprosjektet, og med Arbeidsgruppe for helse- og sosialfagutdanningane i UH-nett Vest som styringsgruppe. Noverande TPS-arbeidsgruppe er foreslått som referansegruppe for prosjektet. Den daglege leiinga av prosjektet er foreslått med ein «vertsinstitusjon» som har både ein *prosjektleiari* («fagansvarleg») og ein *IKT-ansvarleg*. I prosjektleiinga inngår det også to *prosjektmedarbeidarar/ansvarlege* frå to andre av institusjonane og det bør vere med ein studieadministrativ representant. Frå kvar av institusjonane bør det vidare vere lokale grupper eller personar med ansvar for fagleg, studieadministrativ og IKT-retta tilrettelegging, og det bør vere eit fasilitator-korps, lærarar som kan gå inn og fasilitere/veilede i nettgrupper.

## Involverte medarbeidarar

Å setje i verk eit utdanningstiltak på tvers av geografi, institusjonar, utdanningsretningar og campusar for å skape læresituasjonar der studentar kan møtast på tvers av eigne utdanningsgrenser involverer mange.

Vi vil her kort presisere kva for oppgåver og ressursar som trengst frå dei ulike ledda i institusjonen:

### *Institusjonsleiing / dekan-nivå:*

Institusjonell støtte, dvs. frå institusjonsleiinga og aktuelle dekanar er ein føresetnad for vellukka gjennomføring av dette opplegget.

Det er Arbeidsgruppa for helse- og sosialfagutdanning i UH-nett Vest, som består av dekanar frå dei ulike institusjonane, som har tatt initiativet til dette fellestiltaket. Denne arbeidsgruppa er styringsgruppe for prosjektet i planleggingsfasen og vil kunne vere styringsgruppe ved gjennomføringa av prosjektet også. Dekanane blir vidare ansvarlege på kvar sin institusjon/avdeling for deltakinga i opplegget.

Styret i UH-nett Vest, som består av rektor og direktør ved institusjonane, vedtar etablering av prosjektet, «eig» prosjektet og sikrar økonomiske fellesressursar.

### *Studieleiarar/instituttleiarar/emneansvarlege:*

Ved kvar av institusjonane må *studieleiarar/instituttleiarar/emneansvarlege* ha ei sentral rolle i å tilpasse dette fellesopplegget inn i den eksisterande undervisninga som elles føregår i emne frå dagens «Generell del» i rammeplanane for høgskoleutdanningane, eller tilsvarande tema i universitetsutdanningane.

### *IKT – nettløysingar, drift, brukarstøtte og opplæring:*

Drifta av det nettbaserte opplegget må leggjast til ein av institusjonane.<sup>13</sup> Val av læringsplattform bør imidlertid skje i fellesskap, og nødvendig kompetanse for å drifte denne må vere på plass.

Oppbygging av nettstad, utvikling av læringsressursar og den daglege drifta av det nettbaserte opplegget må skje i nært samarbeid mellom nokre få ansvarlege IKT-ressurspersonar og den/dei som skal ha det faglege leiaransvaret for det temaet som no skal prøvast ut, og setjast i verk.

---

<sup>13</sup> Høgskolen Stord/Haugesund har sagt seg villig til å ta dette oppdraget.

Kvar av institusjonane må sikre tilgang for sine studentar til det verktøyet som blir tatt i bruk, må gje tilstrekkeleg opplæring i bruk av verktøya før start, og må gi støtte undervegs. Sjå meir om dette i neste kapittel.

#### **Studieadministrativt personell:**

Ved kvar av institusjonane må studieadministrativt personell lage oversiktar over aktuelle studentar som skal delta i opplegget, og førebu tilgang til det LMS som blir tatt i bruk. Registrering av gjennomførte arbeidskrav vil også vere ei studieadministrativ oppgåve.

#### **Fasilitatorar:**

Ved institusjonane må det også vere eit visst antall *fasilitatorar* for nettmøta, sjå eige avsnitt om dette

#### **Kontaktpersonar for «TPS i Vest»**

Det må oppnemnast ein kontaktperson for kvar utdanning og/eller kvar campus/studiestad som står i direkte kontakt med prosjektleiinga.

#### **Prosjektleiing og referansegruppe:**

Det er, som nemnt, føreslått ei prosjektleiing bestående av tre personar, ein hovudansvarleg og to medansvarlege, frå kvar sine institusjonar. Til den daglege leiinga bør det også vere knytta ein IKT-ansvarleg og ein studieadministrativ koordinator.

Det vil vere rimeleg at den arbeidsgruppa som har laga prosjektplanen følgjer opp utprøving og gjennomføring av opplegget, som referansegruppe.

## **Forslag til oppfølging**

#### *Institusjonssamarbeid:*

Det bør lagast ein samarbeidsavtale som forpliktar kvar av institusjonane til å delta i opplegget (utkast i vedlegg I)

#### *Studieadministrativ tilrettelegging:*

Det bør utpeikast ein studieadministrativ person ved kvar institusjon/avdeling som er kontaktperson til prosjektleiinga. Denne personen vil ha ansvar for å skaffe oversikt over studentar, vere bindeledd til studenten og til emneansvarleg med omsyn til informasjon om gjennomføring.

#### *IKT-personell:*

Det bør utpeikast ein IKT-person ved kvar av institusjonane som er kontaktperson til prosjektleiinga og som er ansvarleg for tilgang til dei aktuelle programvarene. IKT-personen er også ansvarleg for tilrettelegging for evt opplæring til studentar i bruk av IKT-verktøyet.

#### *Fasilitatorar:*

Kvar institusjon rekrutterer interesserte lærarar som vil gå inn som fasilitatorar i opplegget.

#### *Kontaktpersonar:*

Kvar institusjon utpeikar ein kontaktperson som står i direkte kontakt med prosjektleiinga.

Det må inngåast kontrakt med alle involverte om arbeidsoppgåver og tidsressursar. For tilsette som har arbeidsplanar må tidsbruken i dette opplegget inngå her.

# Utvikling av nettstad og nettbaserte læringsressursar

---

Ein føresetnad for gjennomføring av det nettbaserte temaet «Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren», er at det blir utvikla gode læringsressursar. Dette vil bety

- utvikling av ein eigna nettstad som kan gi oversikt over og tilgang til temaet
- utvikling av gode case som kan videofilmast og leggjast ut på nettstaden, som utgangspunkt for gruppearbeid på nettet
- utvikling av videoførelesingar som fokuserer på sentrale innhaldstema i temaet og/eller videoopptak frå samtalar med ressurspersonar
- tilgang til artiklar og litteratur som kan lenkast opp på nettstaden
- utvikling av elektroniske kompendium
- samskrivingsverktøy

Opne nettløysingar vil truleg kunne kombinerast med eit lukka rom for gruppeinterne drøftingar, innlevering av studentarbeid etc. Alle institusjonane må då ha tilgang til det same LMS (Learning Management System). I dag er det ikkje samsvar her (varierer mellom Fronter, It's learning, Kark/Office 365). Det kan synast som Lync eller Office 365 er på veg inn ved fleire av institusjonane. Dette programmet har innebygd kommunikasjonsverktøy («Skype for business»), som er eigna for gruppemøter, har samskrivingsverktøy osv. Det bør klargjerast om alle institusjonane vil kunne ta i bruk dette verktøyet. Den plattformen som blir vald må ha funksjonar for

- info om studieopplegget: plan, læringsressursar, aktivitetar
- synkrone og asynkrone samhandlingsverktøy<sup>14</sup>
- gruppetilgang
- innlevering av arbeids-/studiekrav
- tilgang til formativ vurdering og tilbakemelding ved innleverte arbeids-/studiekrav

Ved utvikling av nettstad og læringsressursar vil fleire av institusjonane kunne bidra, ut frå den spesialkompetanse som måtte finnast. Arbeidet med å utvikle læringsressursar kan gjerne fordelast på fleire institusjonar. Planen legg no t.d. opp til at nettgruppene skal arbeide med analyse av to case – her vil det vere behov for å filme eller lage ein videosnutt av den aktuelle situasjonsbeskrivelsen. Det vil også vere behov for videoopptak av førelesingar som kan leggjast ut. Det finst utstyr for slik

---

<sup>14</sup> Eks. Skype for business som lyd-bilde kommunikasjon



produksjon ved alle institusjonane, og dette arbeidet kan såleis fordelast etter lokalisering av aktuelle førelesarar.<sup>15</sup>

TPS-arbeidsgruppa foreslår at det blir utvikla ein eigen open nettstad, [www.tps.no](http://www.tps.no), og der det blir lenka opp til eit lukka rom gjennom Feide-pålogging.

Tentativt forslag til fordeling av utvikling av nettstad og læringsressursar<sup>16</sup>:

Institusjon	Oppgåve	Tema
HSH	Bygge opp nettstad, lagt til HSH's server. Opptak av case 1: Utskrivingsmøte	Design, utforming av nettstad
UiS	Opptak av videoforelesning:	Kva er tverrprofesjonell samhandling, omgrep og modellar Forsvarleg tverrprofesjonell samhandling
HiB	Opptak av videoforelesning:	Om tverrprofesjonell samhandling
HVO	Opptak av videoforelesning:	
HiSF	Opptak av case 2: Bofellesskap - ansvarsgruppemøte	
UiB	Webinar	

Fordelinga av oppgåver lagt til kvar av institusjonane kan justerast etter nærare gjennomgang av ressursar, kompetanse og interesse som finst ved den enkelte institusjon. Opptak av t.d. videoførelesingar bør gjerast ved den institusjonen som er lokalisert nærast den/dei ressurspersonane som det er naturleg å trekkje inn med ressursførelesingar. Slike førelesingar kan ha form både av videoopptak eller som webinar. Tema for førelesingane må presiserast i høve til konkretiseringa av innhald og aktuelle kjelder.

## Forslag til oppfølging

Prosjektleiinga må ta initiativ til å utvikle ei open nettløysing der det blir lenka opp tilgang til eit lukka rom for gruppeinterne diskusjonar og for innlevering og tilbakemelding på gruppenotat.

Utvikling av læringsressursar som video-case og videoførelesingar bør fordelast på institusjonane.

Kvar institusjon må gi opplæring og støtte til studentar frå sine utdanningar.

<sup>15</sup> Eks. Elisabeth Willumsen ved UiS, Atle Ødegård, HiM – nær HVO – begge desse er nasjonalt sentrale i teoriutvikling når det gjeld tverrprofesjonell samhandling.

<sup>16</sup> Denne oversikten er berre ei mulig fordeling og må konkretiserast av prosjektleiinga for gjennomføring

# Organisering av nettgrupper

I TPS-arbeidsgruppa sin rapport frå mars 2015 blir det gitt ein oversikt over fordeling og tal på studentar. Denne tek vi med her, for oversikts skuld.

Institusjon	Avdeling		Stad	BA-studier + profesjonsstudier ved universitetet	Årleg student opptak	Pr. inst
Høgskolen i Bergen	Avdeling for ingeniør- og økonomiske fag	Institutt for bioingeniør- og kjemifag	Bergen	BA i bioingeniørfag	30	500
		Avdeling for helse- og sosialfag		Institutt for ergoterapi-, fysioterapi- og radiografi	BA i ergoterapi	
	BA i fysioterapi				75	
	Institutt for sosialfag og vernepleie			BA i radiografi	40	
				BA i sosialt arbeid	50	
	Institutt for sykepleiefag	BA i vernepleie		65		
	BA i sykepleie	170 + 70				
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Avdeling for helsefag	Institutt for sjukepleiefag	Førde	BA i sjukepleie	126 + 24	258
	Avdeling for samfunnsfag	Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie	Sogndal	BA i barnevern	40	
				BA i sosialt arbeid	45	
		BA i vernepleie	30 + 11			
Høgskolen i Volda	Avdeling for samfunnsfag og historie	Institutt for sosialt arbeid	Volda	BA i sosialt arbeid	60	110
				BA i barnevern	50	
Høgskolen Stord/Haugesund	Avdeling for helsefag		Haugesund	BA i sykepleie	100	200
			Stord	BA i sjukepleie	100	
Universitetet i Bergen	Det medisinske- og odontologiske fakultet	Institutt for klinisk medisin 1 og 2, IBM og IGS	Bergen	Medisinstudiet	160	370
				BA i human ernæring	10	
		Institutt for global helse og samfunnsmedisin		Samfunnsfarmasi-studiet	30	

		Institutt for klinisk odontologi		Odontologistudiet	50	
				BA i tannpleie	30	
	Det humanistiske fakultet	Institutt for musikk – Griegakademiet		BA i musikkterapi	10	
	Det psykologiske fakultet	Institutt for samfunnspsykologi		Psykologistudiet	80	
Universitetet i Stavanger	Det samfunnsvitenskapelige fakultet	Institutt for helsefag	Stavanger	BA i sykepleie	280	470
		Institutt for sosialfag		BA i sosialt arbeid	80	
				BA i barnevern	110	

Denne oversikten viser at opplegget vil omfatte til saman ca. 1900 studentar pr. studieår. Med nettgrupper med åtte studentar, så vil det bety ca. 240 grupper pr. studieår (cohort).

Om siktemålet er at her skal studentar frå ulike profesjonsretningar møtast så må ein setje saman gruppene slik at det

- 1, blir ei blanding av helsefagstudentar og sosialfagstudentar og
- 2, blir ei blanding med t.d. min. tre ulike yrkesretningar i kvar gruppe.

Sjuepleiarstudentar er i fleirtal, og dette avspeglar også yrkeslivet. Det vil såleis bli eksempelvis fire-fem sjuepleiarstudentar og tre-fire frå andre yrkesgrupper i kvar gruppe. Med vernepleier-, sosionom- og barnevernspedagog som sosialarbeidarutdanningar, så har desse utdanningsretningane samla sett ca. 600 studentar, og vil kunne ha 2-3 studentar i kvar gruppe.

Fordeling av studentar i grupper må skje maskinelt, og utførast ved den institusjonen som har det administrative ansvaret for gjennomføring av temaet. Det må vere studieadministrative kontaktpersonar ved kvar institusjon/avdeling/institutt/utdanning som har ansvar for å skaffe fram lister over aktuelle studentar (gjennom FS-systemet), og som samarbeider med prosjektleinga for delemnet.

For fasilitering/veiledning i nettgruppene, vil det vere behov for ca 60 fasilitatorar om desse har fire grupper kvar, dvs. åtte gruppemøter pr. cohort pr. fasilitator.

Det er forslag om at dei same gruppene skal følgje kvarandre gjennom alle tre delane. Fasilitator deltar i nettmøta ved dei to første delane, og er kontaktperson for gruppa i del 3. Innføring av dette nettbaserte opplegget for kvart årstrinn framover vil kunne gi ei slik utvikling:

V-2017	H-2017	V-2018	H-2018	V-2019	H-2019
240 grupper – del 1	240 grupper – del 2	240 grupper – del 1	240 grupper - del 2	240 grupper – del 1	240 grupper – del 2
			240 grupper – del 3		240 grupper - del 3
1900 studentar	1900 studentar	1900 studentar	3800 studentar	1900 studentar	3800 studentar
60 fasilitatorar	60 fasilitatorar	60 fasilitatorar	60 fasilitatorar	60 fasilitatorar	60 fasilitatorar

Med ei fordeling av fasilitatorar frå dei ulike utdanningane/institusjonane ut frå det talet på studentar som kvar utdanning/institusjon har, og med ein arbeidsressurs på fire grupper pr. fasilitator pr. cohort, vil dette, fordele seg slik på institusjonane:

Institusjon	Studenttall	Antall fasilitatorar
Høgskolen i Bergen	500	12
Høgskolen i Sogn og Fjordane	258	7
Høgskolen i Volda	110	3
Høgskolen Stord/Haugesund	200	6
Universitetet i Bergen	370	10
Universitetet i Stavanger	470	12

Velgjer ein ei flat fordeling av fasilitatorar frå institusjonane, vil det vere behov for 8-9 frå kvar av dei. Fasilitatorar bør kome frå alle involverte utdanningar, bør vere interesserte i å delta og villige til å gjennomgå nødvendig førebuing/kvalifisering. Å vere fasilitator bør ikkje vere pålegg, men springe ut frå interesse og kompetanse. Det kan såleis bli forskyvingar mellom institusjonane her når det gjeld antall fasilitatorar.

## Forslag til oppfølging

### *Studieadministrativ tilrettelegging:*

Det bør utpeikast ein studieadministrativ person ved kvar institusjon/avdeling som er kontaktperson til prosjektleiinga. Denne personen vil ha ansvar for å skaffe oversikt over studentar, vere bindeledd til studenten og til emneansvarleg med omsyn til informasjon om gjennomføring.

### *Fasilitatorar:*

Kvar institusjon rekrutterer interesserte lærarar som vil gå inn som fasilitatorar i opplegget.

Det må inngåast kontrakt med alle involverte om arbeidsoppgåver og tidsressursar.

# Fasilitator-kvalifisering

---

TPS-arbeidsgruppa har valt å kalle dei lærarane/rettleiarane som vil bli involverte i dette opplegget for «fasilitatorar». Dette markerer ei anna rolle enn tradisjonelle veiledarroller. Fasilitatoren skal «underlette», støtte og stimulere arbeidet i gruppene, skape grunnlag for at gruppene kan arbeide på eige hand. Særleg i dei første gruppemøta, når studentar frå ulike utdanningsretningar skal møtast på nettet, etablere seg som ei gruppe, vil det vere nødvendig å sikre at alle blir sett og anerkjent og at det blir avtalt spelereglar for gruppearbeidet.

Fasilitatoren skal sikre at prinsippa i god samhandling i grupper blir ivaretatt, slik at gruppene kjem godt i gang og kan arbeide på eiga hand. Fasilitatoren kan så trekkje seg ut. Fasilitatoren vil ha ein funksjon både i del 1 og del 2, men gruppene arbeider på eiga hand i del 3. Fasilitatoren kan då vere kontaktperson, som gruppene tilkallar ved behov.

Om det skal lukkast med 240 nettgrupper så må fasilitatorane vere godt førebudde til fasiliteringsarbeidet. I første møte må fasilitatoren ta eit aktivt grep og leie gruppemøtet, for å få alle deltakarane med og inkludere alle, som grunnlag for det vidare arbeidet. Legg ein grunnlaget og innarbeider ein god møteplan og god nettkommunikasjon, så vil gruppene greie seg bra på eiga hand.

Fasilitatorar må

- kunne meistre den teknologien som blir brukt
- ha god forståing av kva tverrprofesjonell samhandling inneber
- ha gode fasiliteringsferdigheter

Som ei minimumsinnføring til dette fasiliteringsarbeidet blir det foreslått at alle fasilitatorane gjennomgår eit nettbasert opplegg der ein prøver ut dei oppgåvene som studentane skal arbeide med. I dette førebuingsopplegget bør det arbeidast både med fasiliteringsprinsipp, pedagogiske tilnærmingar for nettveiledning og med utprøving av dei oppgåvene studentane skal ha.

Ein pilot for eit slikt nettbasert fasilitatoropplegg bør kunne gjennomførast våren 2016, parallelt med utvikling av læringsressursar og nettstad for modulen «Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren». Truleg bør dette opplegget ha ei introduksjonssamling først, og så vidare arbeid på nettet, eller ei avsluttande samling med utveksling av erfaringar.

Tilsvarande fasilitatorkvalifisering bør gjentakast hausten 2016, med tanke på oppstart av heile opplegget i januar 2017. Truleg bør fasilitatortrening gjennomførast fleire gonger om det blir nye fasilitatorar som kjem til. På denne måten kan ein starte ut med ei mindre gruppe fasilitatorar, gjere nokre erfaringar, og så vidareutvikle både fasilitator-«trening» og eit fasilitator-korps over litt tid.

Når det gjeld ei litt meir omfattande kvalifisering for tverrprofesjonell samhandling kan Høgskolen Stord/Haugesund sitt studietilbod på 15 studiepoeng, som også er eit nettstøtta opplegg, bli eit alternativ.

## Plan for gjennomføring av fasilitator-førebuing

Førebuing/kvalifisering for fasilitering av nettgrupper vil omfatte samla sett ca. fire dagars arbeidsressurs, med ei dagssamling for introduksjon/inspirasjon og deretter tre nettmøter. Nettmøta vil vere av ca ein times varighet. Ved å rekne inn føre- og etterarbeid og generell førebuing til nettveiledning og TPS, så kan ein stipulere dette til ein dag pr. nettmøte.

I nettmøta vil ein arbeide med oppgåve I (Del I) – for å prøve ut oppgåva og for å bruke dette nettmøtet som rollemodell

### V-2016:

Tidspunkt	Aktivitet	Tema	Stad	Antall deltakarar
Veke 16	Introduksjons-/inspirasjonsmøte	Om TPS-opplegget	Bergen	15-20 personar
Veke 17	Første nettmøte	Start – oppgåve I	Nettgrupper	To grupper a seks deltakarar
Veke 19	Andre nettmøte	Avrunding – oppgåve I		
Veke 20	Tredje nettmøte	Erfaringsutveksling		

### H-2016

Tidspunkt	Aktivitet	Tema	Stad	Antall deltakarar
Veke 39	Introduksjons-/inspirasjonssamling	Om TPS-opplegget	Bergen	Ca 50 personar
Veke 41	Første nettmøte	Start oppgåve I	Nettgrupper	7-8 grupper a åtte deltakarar
Veke 43	Andre nettmøte	Avrunding – oppgåve I		
Veke 44	Tredje nettmøte	Erfaringsutveksling		

Nettmøta bør innehalde erfaringsutveksling, dvs. både fagleg arbeid med oppgåvesettet og etterfølgjande metadiskusjon om korleis nettmøtet fungerer, og ved skriftleg nedteikning av erfaringar i eigna forum.

## Forslag til oppfølging

Kvar institusjon rekrutterer to fasilitatorar V-2016 for å delta i ein pilot H-2016. For endeleg oppstart V-2017 rekrutterer institusjonane det nødvendige antall fasilitatorar H- 2016. Desse inngår i fasilitator-trening i november 2016.

HSH blir bedt om å ta ansvar for å utvikle fasilitator-opplegget og gjennomføre dette.

# Følgje-evaluering – følgjeforskning

---

Det blir lagt opp følgje-evaluering ved gjennomføring av pilot og dei to første kulla. Følgje-evaluering bør skje som teamforskning, dvs. med ei evaluerings-/forskargruppe med interesserte personar som gjennomfører dette i fellesskap. Følgjeforskinga bør omfatte både strukturelle og organisatoriske forhold for gjennomføring av eit slikt fellesopplegg på tvers av institusjonar, utdanningar, tradisjonar og kulturar, studieevaluering, kva fungerte og kva kan justerast, kva er det faktiske læringsutbyttet for studentane.

Ei slik følgje-evaluering vil såleis kunne ha mange fasettar, vil kunne omfatte metodetriangulering, med eksempelvis «force field analysis», kvalitative tilnærmingar med tekstanalysar av føringsdokument, og både kvalitative og kvantitative tilnærmingar omkring læringsresultat.

Plan for følgje-evaluering må utarbeidast særskilt. Deltakarar i ei slikt teamforskningsgruppe vil også kunne bruke komponentar frå dette arbeidet inn i eiga kompetanseutvikling (eks. for førstelektor- eller dosentstillingar).

# Pilot for «TPS i Vest»

Som pilot før oppstart av temaet «Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren» blir det foreslått å prøve ut del I med eit mindre antall studentgrupper hausten 2016.

**Oppstart:** September 2016

**Deltakarar:** Utvalde studentar frå institusjonane.

Tolv grupper á sju-åtte studentar, ei blanding av helsefag og sosialfag.

Tolv fasilitatorar, to pr. institusjon. Kvar fasilitator har ei gruppe studentar frå fleire institusjonar og med minimum tre ulike profesjonsretningar, inkludert både helse- og sosialutdanning.

Vi gjentar her opplegget:

## Del I: Kva er tverrprofesjonell samhandling?

Varighet/omfang: To nettmøter med tilhøyrande føre- og etterarbeid, fordelt over fire veker

### Læringsutbytte:

Etter arbeid med denne delen skal studenten kunne:

**Kunnskap:** - *Forklare prinsipp for god samhandling i tverrprofesjonelle grupper*

- *Beskrive likskap og spesielle særtrekk ved ulike yrkesgruppers arbeidsområder*

**Ferdighet:** - *Reflektere over eiga rolle i gruppa og korleis gruppa fungerte*

**Generell kompetanse:**

- *Delta i tverrprofesjonelle grupper, bidra til å definere felles mål og bidra til å oppfylle desse måla*

### Innhald:

- Kommunikasjon og relasjon i tverrprofesjonell samhandling
- Samhandlingsstrukturar
- Yrkeskompetanse og profesjongrensar
- Stereotypiar og fordommar som hinder for samhandling

Oppgåve: Videosnutt frå ein samhandlingssituasjon. Eksempel:

#### Utskrivingsmøte på sjukehus

(til stades: lege, sjukepleier, ergoterapeut, fysioterapeut, sosionom, bioingeniør, radiograf + Anne, hovudpersonen)

**Anne, 24 år, er åleinemor med to små barn. Ho har vore på sjukehus med brotskadar oppstått etter valdsepisode i rusmiljø. Ho er no ferdig diagnostisert og behandla ved sjukehuset og skal overførast til kommunen. Korleis er status? Korleis kan pasienten følgjast opp lokalt? Kva kan ulike yrkesgrupper bidra med her – og korleis kan dei samhandle integrert?**



**Oppgåveinstruksjon:**

**Første nettmøte:** Gruppeetablering, bli kjend og avtale spelereglar i gruppa, inngå gruppekontrakt. Gruppedeltakarane utvekslar kva ein registrerte når det gjaldt samhandling i dette caset, kva dei ser av samspel og kva dei veit om kva kvar av yrkesgruppene kan bidra med i ein slik situasjon. Gruppa utkrystalliserer spørsmål/problemstillingar som dei treng å finne meir ut om, og legg plan for korleis kvar og ein vil gjere dette.

**Mellomperiode:** Kvar og ein arbeider med litteratur og andre kjelder for å finne svar på desse problemstillingane.

**Andre nettmøte:** kvar og ein deler dei funna dei har gjort og gruppa trekkjer dette saman – oppsummerer kva gruppa no, samla sett veit om fenomenet tverrprofesjonell samhandling og kva dei ulike yrkesgruppene bidrar, t.d. i høve til denne konkrete problematikken.

**Etter nettmøtet:**

Skrive gruppenotat og levere inn innan gitt frist. Tilbakemelding frå to andre grupper innan gitt frist. Godkjenning og tilbakemelding frå fasilitator.

**Arbeidsform:** To nettmøter i grupper á átte deltakarar og ein fasilitator. Ytterlegare nettmøter etter behov og ønskje, utan fasilitator, samskriving på gruppenotat, sjølvstudiar.

**Organisering:** Nettgrupper sett saman på tvers av institusjonar og utdanningsretning.

**Basilitteratur:** Eksempel:

Willumsen, E. (2009). *Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap 2,3

Orvik, A. (2015). *Organisatorisk kompetanse. Innføring i profesjonskunnskap og klinisk leiing*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. kap. 8 og 9

**Læringsressursar:** Lenker til aktuelle artiklar, nettstader og tidsskrift, videoførelingar og videoopptak med ressurspersonar som ligg på nettstaden.

**Vurdering:** Godkjenning og tilbakemelding frå fasilitator.

## Fasilitatorførebuing

Fasilitatorane har felles nettmøter for førebuing og oppsummering:

1. Før første nettmøte: avklaring av fasilitatorrolle, andre spørsmål om funksjonen
2. Etter første nettmøte: utveksling av erfaringar
3. Etter andre nettmøte: utveksling av erfaringar

Kvar fasilitator skriv dessutan ned sine erfaringar i eit felles loggforum i det LMS-programmet som blir valt. Ut frå dei erfaringane som blir gjort blir manual for fasilitering utarbeidd til bruk ved oppstart av opplegget V-2017.

Samla sett vil det såleis vere følgjande behov for arbeidsressurs for kvar fasilitator/to nettmøter H-2016:

- Førebuing/kvalifisering: ca 15 timar
- Føre-/etterarbeid for nettmøta: ca 7 timar
- Fasilitering ved nettmøta: 2 timar (faktor 2)
- Tilbakemelding på gruppenotat: ca 2 timar
- Administrativ tilrettelegging: ca 2 timar

For arbeidstidsressurs for førebuing og gjennomføring av piloten, vil det såleis gå med ca. 30 timar pr. fasilitator.

Ved gjennomføring av del 1 og del 2 i 2017 – når heile opplegget er i gang, må det reknast inn min. seks timar pr. fasilitator pr. gruppe, pr. cohort. For gjennomføringa av begge delane i løpet av 2017, om ein reknar fire grupper pr. fasilitator, vil det såleis vere behov for ca 50 timar pr. fasilitator for arbeid med dette opplegget i 2017.

## Organisering av nettgrupper for pilot H-2016

Her er forslag til samansetjing av gruppene:

Utdanning	Gr 1	Gr 2	Gr 3	Gr 4	Gr 5	Gr 6	Gr 7	Gr 8	Gr 9	Gr 10	Gr 11	Gr 12
HiB-bioingeniør	x	x	x	X								
HiB-Ergoterapeut					x	x	x	x				
HiB-fysioterapeut									x	x	x	x
HiB-sosionom	x	x	x	X								
HiB-radiografi					x	x	x	x				
HiB-sykepleier									x	x	x	x
HiB-vernepleier	x	x	x	X								
HiSF-barnevern					x	x	x	x				
HiSF-sosionom									x	x	x	x
HiSF-sykepleier	x	x	x	X								
HiSF-vernepleier					x	x	x	x				
HSH-sykepleier									x	x	x	x
HVO-barnevern	x	x	x	X								
HVO-sosionom					x	x	x	x				
UiB-ernæring									x	x		
UiB-farmasi	x	x	x	X								
UiB-medisin					x	x	x	x				
UiB-musikkterapi											x	x
UiB-odontologi	x	x	x	X								
UiB-psykologi					x	x	x	x				
UiB-tannpleie									x	x	x	x
UiS-barnevern					x	x	x	x				
UiS-sosionom									x	x	x	x
UiS-sykepleier									x	x	x	X

### Forslag til oppfølging

- Kvar institusjon rekrutterer fire studentar frå kvar utdanning til å delta i ein pilot H-2016 (to frå musikkterapi og to frå ernæring)
- Kvar institusjon rekrutterer to fasilitatorar for deltaking i piloten
- Prosjektleiinga konkretiserer opplegget
- Prosjektleiinga legg til rette og gjennomfører av fasilitatortrening
- Prosjektleiinga legg opp og gjennomfører følgjeevaluering, i samarbeid med oppnemnde evaluatarar frå institusjonane (etter interesse?)

# Framdriftsplan

---

TPS-arbeidsgruppa foreslår følgjande framdriftsplan for utprøving og iverksetting av prosjektet «TPS i Vest»:

Januar 2016	Arbeidsgruppe for helse- og sosialfagutdanning i UH-nett Vest sluttar seg forslaget til prosjektplan, og tilrår iverksetting	
Mars 2016	Styret i UH-nett Vest godkjenner prosjektplanen og vedtar utprøving og iverksetting av temaet «Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren» ved institusjonane i UH-nett Vest	
Mars 2016	Arbeidsgruppa for helse- og sosialfagutdanning i UH-nett Vest, som styringsgruppe for «TPS i Vest», utpeikar prosjektleiaransvar og oppgåvefordeling mellom institusjonane.	
Mars-juni 2016	Utvikling av nettstad og læringsressursar.	
April-juni 2016	Gjennomføring av fasilitator-førebuing – 12 fasilitatorar for pilot H-2016, to frå kvar institusjon. Ei introduksjonssamling + tre nettmøter.	
April-juni 2016	Detaljplanlegging av pilot H-2016.	
September-oktober 2016	Gjennomføring av pilot med del I i Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren. Evaluering og justering	
November 2016	Gjennomføring av fasilitator-førebuing – ca. 50 fasilitatorar	
Januar – 2017	Oppstart med del I for cohort 1 .	Følgjeevaluering etablert
H-2017	Del 2 for cohort 1	Følgjeevaluering
H-2017	Evt ny fasilitator-førebuing	
V-2018	Del 1 for cohort 2	Følgjeevaluering
H-2018	Del 2 for cohort 2, del 3 for cohort 1	Følgjeevaluering
V-2019	Del 1 for cohort 3	Følgjeevaluering
H-2019	Del 2 for cohort 3, del 3 for cohort 2	Evalueringsrapport

Innan 2020 vil såleis to kull ha gjennomført alle tre delane.

# Budsjettoverslag for «TPS i Vest»

Det føreliggjande forslaget til gjennomføring av TPS innan UH-nett Vest inneber eit felles nettbasert basisopplegg, som gir ei innføring i delemnet «Tverrprofesjonell samhandling i velferdssektoren» for alle studentane ved helse- og sosialfagutdanningane i nettverkssamarbeidet. Fellesopplegget inngår som del av det læringsopplegget som alle utdanningane skal tilby sine studentar, dvs. innan emne som kommunikasjon, etikk og samfunnsfag relatert til velferdsarbeid.

Dette betyr at utdanningane/institusjonane i utgangspunktet har ressursar til å gjennomføre undervisning i temaet. Meirutgifter som vil kunne kome i tillegg vil vere knytt til utvikling og utprøving av opplegget og til felles drift og koordinering av gjennomføring. Førebuing for fasilitering og utprøving av ein pilot vil kunne reknast som meir-utgifter for å få dette opplegget «opp og gå».

Eit grovt overslag over meirutgifter for å etablere dette felles nettbaserte opplegget kan difor skisserast slik (kvar post uttrykt i 1000 kr.):

<b>Aktivitet</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Prosjektleiing-koordinering	600	500	500	400
Meirarbeid IKT-koordinering	100	100	60	60
Utvikling av læringsressursar	200	50	50	50
Fellesmøter referansegruppe	60	60	60	60
Fasilitatorkvalifisering	100	60	30	20
Seminar/erfaringsutveksling	100	100	100	100
Følgje-evaluering/forsking	60	60	60	60
<b>Arlege meirutgifter</b>	<b>1 220</b>	<b>930</b>	<b>860</b>	<b>750</b>

Desse meirutgiftene må det anten skaffast midlar til frå fellespott i UH-nett Vest, eller fordelast på institusjonane. Ved flat fordeling mellom institusjonane, vil dette kunne utgjere kr. 200 000 – 150 000 pr. institusjon pr. år. Når alle 5700 studentar er i gang i 2018, så vil meirkostnadane bli ca. kr. 180,- pr. student det året.

Overslag over antatte utgifter som den enkelte institusjon bidrar med inn i samarbeidet:

- Arbeidstid for referansegruppe ca. 30 timar pr. person pr. år
- Arbeidstid for fasilitatorar ca. 50 timar pr. fasilitator pr. år
- IKT-ressursar ca. 50 timar pr. år pr. institusjon
- Studieadministrative ressursar ca. 30 timar pr. år pr. institusjon
- Institusjonsansvar - leiarmøter ca. 30 timar pr. år pr. institusjon

## **Kommentarar til dei enkelte postane i oversikt over meirutgifter:**

**Prosjektleiing/koordinering:** her bør det vere ein prosjektleiar, ein IKT-prosjektansvarleg og ein studiekoordinator knytt til vertskapsinstitusjonen + to med-prosjektleiarar frå to andre institusjonar.

**Utvikling av læringsressursar:** her er det lagt inn ein sum for evt. meirutgifter for å utvikle nettstaden/læringsplattformen og å produsere f. eks. videosnuttar etc. som case for analyse/drøfting i nettgrupper

**Referansegruppe:** forslaget er at den arbeidsgruppa som har utarbeidd opplegget fortset som referansegruppe ein periode framover, for støtte til prosjektleiinga og for institusjonskoordinering

**Fasilitator-opplæring:** her er det lagt inn ressursar for introduksjons-/inspirasjonssamlingar, utover dette bør denne opplæringa foregå via nettet.

**Seminar/erfaringsutveksling:** det er foreslått årlege samlingar for erfaringsutveksling. Slik erfaringsutveksling bør omfatte både studieleiarar, studieadministrativt personell, fasilitatorar, IKT-personell og studentar. Desse seminara kan koplatt til den følgjeevalueringa som er skissert.

**Følgjeevaluering:** Det er ikkje lagt inn egne ressursar for følgjeevaluering, men tenkt at dette bør foregå som teamarbeid, med ei felles forskar/evaluatorgruppe som hentar ressursar til FoU frå kanalar for dette. Dei ressursane som er lagt inn til følgjeevaluering gjeld utgifter til å kunne møtast.

## Forslag til oppfølging

TPS-arbeidsgruppa foreslår eit felles nettbasert opplegg for alle helse- og sosialfagstudentane ved institusjonane i UH-nett Vest. Gjennomføring føreset institusjonssamarbeid som vil omfatte både leiingane på ulike nivå, IKT-støtte, studieadministrativ støtte og fasilitatorar frå alle institusjonane.

TPS-arbeidsgruppa foreslår tilrettelegging av nettressursar, opplæring av fasilitatorar og utprøving av ein pilot i løpet av 2016, og med oppstart for 1900 studentar i 240 grupper frå januar 2017. Med ei gradvis oppbygging av gjennomføring av opplegget gjennom tre delar, vil alle delane og to kull 3800 studentar ha gjennomført denne kvalifiseringa innan år 2020.

# Oppsummert - forslag til vedtak

---

UH-nett Vest v/styret vedtar

1. å setje i gang eit felles nettbasert TPS-opplegg, og ber institusjonane i nettverket gjere forpliktande avtalar om gjennomføring av dette.
2. vedtar å setje av kr. 1 220 000,- til utprøving av ein pilot H-2016.

UH-nett Vest v/styret ber

3. Kvar av institusjonane om å delta i prosjektet med ressursar til IKT-tilrettelegging og oppfølging, fasilitering og studieadministrative oppgåver.
4. Arbeidsgruppa for helse- og sosialfagutdanning om å vere styringsgruppe for prosjektet og noverande TPS-arbeidsgruppe om å fortsetje som referansegruppe for pilotgjennomføringa.
5. Høgskolen Stord/Haugesund om å drifte opplegget, med eit prosjektleiarteam som fagleg ansvarleg og ein IKT-person som driftsansvarleg. Prosjektleiarteamet må bestå av tre personar frå tre ulike institusjonar.
6. TPS-arbeidsgruppa om å fortsetje som referansegruppe for prosjektleiinga, dvs. med representantar for alle institusjonane.

# Referanseliste

---

Meld. St. 13 (2011-2012). (2012). *Utdanning til velferd; Samspill i praksis*. Oslo: Kunnskapsdepartementet

Orvik, A. (2015). *Organisatorisk kompetanse. Innføring i profesjonskunnskap og klinisk leiing*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Sjøvold, E. (2014). *Resultater gjennom team*. Oslo: Universitetsforlaget

St. meld. nr. 47 (2008-2009). (2009). *Samhandlingsreformen*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

UHR. (2015). Felles innhold i de helse- og sosialfaglige utdanningene. Prosjektrapport til Kunnskapsdepartementet, levert 1. juni 2015.

Willumsen, E. (2009). *Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget

Willumsen, E. & Ødegård, A. (2014). *Tverrprofesjonelt samarbeid – et samfunnsoppdrag*. Oslo: Universitetsforlaget

Vedlegg I

Utkast til

## **Samarbeidsavtale om felles nettbasert TPS-opplegg ved institusjonane i UH-nett Vest**

Underteikna institusjonar innan UH-nett Vest inngår forpliktande samarbeid om å utvikle og gjennomføre felles TPS-opplegg ut frå den planen som er skissert. Samarbeidet inneber å

.....

.....

.....

....

Dato .....

Høgskolen i Bergen

Høgskolen i Sogn og Fjordane

Høgskolen Stord/Haugesund

.....

.....

.....

Rektor/direktør

rektor/direktør

rektor/direktør

Høgskolen i Volda

Universitetet i Bergen

Universitetet i Stavanger

.....

.....

.....

Rektor/direktør

rektor/direktør

rektor/direktør



## Vedlegg II

# Oversikt over ansvarspersonar og involverte i «TPS i Vest»

### Institusjonsleiing

Institusjon	Rektor	Direktør	Dekan
Høgskolen i Bergen	Ole-Gunnar Søgne	Christian Fotland	Monica Wammen Nortvedt, Geir Anton Johansen
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Rasmus Stokke		Randi Skår, Anne Grethe Naustdal
Høgskolen Stord/Haugesund	Liv Reidun Grimstvedt	Tage Båtsvik	Erling Førland
Høgskolen i Volda	Johan Roppen	Jacob Kjøde jr.	Odd Ragnar Hunnes
Universitetet i Bergen	Dag Rune Olsen	Kjell Bernstrøm	Nina Langeland, Jarle Eid, Margareth Hagen
Universitetet i Stavanger	Marit Boyesen	John Branem Møst	Einar Engebretsen, Kari Vevatne

### Institutt-/utdanningsleiing

Institusjon	Instituttleiar/studieleiar
Høgskolen i Bergen	Bjørn Hafslund, Knut Simonsen, Sissel Tollefsen
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Dagrun Kyrkjebø, Unni Margrethe Uren Aasen
Høgskolen Stord/Haugesund	Leif-Steinar Alfsvåg
Høgskolen i Volda	Jan Einar Flø
Universitetet i Bergen	
Universitetet i Stavanger	Kari Vevatne, Einar Engebretsen

### Studieadministrasjon

Institusjon	Studieadministrativt ansvar	Kontaktperson/utøver
Høgskolen i Bergen	Sonja Irene Dyrkorn	
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Wenche Fjørtoft	
Høgskolen Stord/Haugesund	Kjell Magnar Helland	
Høgskolen i Volda	Ragnhild Korsbrekke	
Universitetet i Bergen	Ørjan Leren, Frode Randal	
Universitetet i Stavanger		

### IKT-personell

Institusjon	IKT-ansvar	Kontaktperson/utøver
Høgskolen i Bergen		
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Knud Erling Øien	
Høgskolen Stord/Haugesund	Idar M. Flemmen	Vegard Anuglen
Høgskolen i Volda	Stig Flåskjer	Hilde Gry Leer-Salvesen
Universitetet i Bergen		Karianne Omdahl
Universitetet i Stavanger	Marina Davidian	

### Fasilitatorar/veiledere for pilot H-2016

Institusjon	Fasilitator 1/pilot H-2016	Fasilitator 2/pilot H-2016
Høgskolen i Bergen		
Høgskolen i Sogn og Fjordane		
Høgskolen Stord/Haugesund		
Høgskolen i Volda		
Universitetet i Bergen		
Universitetet i Stavanger		

### Styringsgruppe

Institusjon	Styringsgruppe
Høgskolen i Bergen	Monica Wammen Nortvedt
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Randi Skår, Anne Grethe Naustdal
Høgskolen Stord/Haugesund	Gunn Haraldseid
Høgskolen i Volda	Jan-Einar Flø
Universitetet i Bergen	Berit Rokne
Universitetet i Stavanger	Einar Engebretsen, Kari Vevatne

## Referansegruppe

Institusjon	Referansegruppe
Høgskolen i Bergen	Sissel Johansson Brenna
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Irene Aasen Andersen, Marita Skjelvan
Høgskolen Stord/Haugesund	Gerd Bjørke
Høgskolen i Volda	Bente Hasle
Universitetet i Bergen	Anders Bærheim
Universitetet i Stavanger	Rutt Bengtsson, Ingunn Aase
Studentrepresentant	Hilde Le, Camilla Wara Viken

## Prosjektleiing

	Namn	Institusjon
Prosjektleiar		
Med-prosjektleiar		
Med-prosjektleiar		
Studieadministrativ koordinering		
IKT-leiar/kontakt		
Institusjonskontaktar for prosjektet	.....	Høgskolen i Bergen Høgskolen i Sogn og Fjordane Høgskolen i Volda Høgskolen Stord/Haugesund Universitetet i Bergen Universitetet i Stavanger

## Kontaktpersonar pr. utdanning

Institusjon	Utdanning	Campus	Namn
Høgskolen i Bergen	Bioingeniør	Bergen	.....
	Ergoterapeut		
	Fysioterapeut		
	Radiograf		
	Sjukepleier		
	Sosionom		
	Vernepleier		
Høgskolen i Sogn og Fjordane	Barnevernspedagog	Sogndal	
	Sosionom		
	Sjukepleier	Førde	
	Vernepleier	Sogndal	
Høgskolen i Volda	Barnevernspedagog	Volda	
	Sosionom		
Høgskolen Stord/Haugesund	Sjukepleier	Haugesund	
	Sjukepleier	Stord	
Universitetet i Bergen	Ernæring	Bergen	
	Farmasi		
	Medisin		
	Musikkterapi		
	Odontologi		
	Psykologi		
Universitetet i Stavanger	Tannpleie		
	Barnevernspedagog	Stavanger	
	Sjukepleier		
Sosionom			